

# RAPPORT

## Høre stavkyrkje

- Dokumentasjon av stavkyrkjeprogrammet



Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgivare for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har også ansvar for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført. I denne samanhengen har Riksantikvaren eit overordna fagleg ansvar for det arbeidet fylkeskommunane og Sametinget gjer innanfor kulturminne, kulturmiljø og landskap.



# Innhold

Stavkyrkjeprogrammet	3
Bygningsbeskriving	4
Bygningshistorie	4
Tilstand før stavkyrkjeprogrammet	4
Vedtaksprosess og tiltak	5
Grunnstokkar	5
Stavar	5
Grunnmur	6
Tak	6
Støpulen	6
Inngangsportalen	7
Kyrkjekunsten	7
Andre tiltak	7
Samandrag	8
Litteratur og kjelder	9
Fotnotar	9

## Høre stavkyrkje

Dokumentasjon av stavkyrkjeprogrammet

© Riksantikvaren 2016  
www.ra.no

Det må ikke kopierast frå denne boka i strid med Åndsverklova eller avtalar om kopiering med KOPINOR, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale kan medføre erstatningskrav og inndraging og kan straffast med böter eller fengsel

Design: Riksantikvaren

Omslagsbilete:  
Dagfinn Rasmussen, Riksantikvaren

# Stavkyrkjeprogrammet 2001-2015

Gjennom stavkyrkjeprogrammet har dei 28 stavkyrkjene i Noreg vorte sett i stand. Kyrkjene vart i all hovudsak istandsett slik dei er i dag, utan noko tilbakeføring til tidlegare periodar. I arbeidet med stavkyrkjene har ein vore avhengig av å byggje vidare på den kunnskapen som er opparbeidd innanfor tradisjonelt bygghandverk og bruk av ulike tradisjonelle material og metodar. Samstundes har stavkyrkjeprogrammet gjeve gode moglegheiter for detaljstudiar av bygningane. Det å kunne lese og forstå spor etter verkty har vore eit viktig element i arbeidet med istandsetjinga av stavkyrkjene. Målet har heile tida vore å ta vare på mest mogleg av dei opphavlege delane. Der dette ikkje har vore mogleg har handverkarar gjort eit framifrå arbeid med å kopiere bygningsdelar der det har vore naudsynt å bytte delar av bygget eller spunse ein skade. Samstundes har materialkvalitet, samt kunnskap om bruk av rett virke, vore eit viktig

gjennomgangstema i arbeida med kyrkjene. Arbeidet med å hente ut rett virke til rett bruk har kravd god langsiktig planlegging for å til dømes ha godt malma og rettvokse virke til produksjon av spon. Vidare har det vore viktig å ha gode materiallager, då mange skjulte skadar først vart avdekkja når istandsetjinga var godt i gang og arbeidet med å demontere skadde bygningsdelar vart gjennomført.

## KYRKJEKUNST

Som ein viktig del stavkyrkjeprogrammet var eit av måla å konservere kyrkjekunsten i kyrkjene. Det var difor naudsynt å gjennomføre ei omfattande tilstandsregistrering av både kunst og inventar i stavkyrkjene. Det vart utført tilstandsregistrering av 852 gjenstandar og dekorerte flater i 27 kyrkjer. Gjennom ei oversikt over kva som er i stavkyrkjene og i kva tilstand det var, kunne ein gjere ei prioritering av dei tiltaka som var viktige å få utført. Bevaringstiltak utløyst av

tilstandsregistreringa vart i størst mogleg grad koordinert med istandsetjinga av sjølv kyrkjebygga. I visse høve var det naudsynt å dekke til, eller flytte ut gjenstandar før arbeidet med bygget starta, medan det i andre høve var meir hensiktsmessig å starte konserveringa av gjenstandane då kyrkjebygga var ferdig sette i stand.

## LOKAL MEDVIRKING

Ved mange høve engasjerte kyrkjeeigaren ein lokal prosjektleiar. Det vart også i størst mogleg grad nytta lokale handverkarar. Lokal deltaking var med på å auke kunnskapen om kyrkjene og samstundes skape ein spanande møteplass for den lokale befolkninga og tilreisande.

## BRANNSIKRING

Alle stavkyrkjene har brannsikringsanlegg. I samband med istandsetningsarbeida vart det og gjennomført arbeid med vidare oppgradering av desse anlegga.



Kyrkja: Etter istandsetting. Foto: Dagfinn Rasmussen Riksantikvarens arkiv.

# Høre stavkyrkje

## BYGNINGSBESKRIVING

Høre stavkyrkje daterast til omkring 1180. Stavkyrkja er ei midtromskyrkje med rektangulaært skip og eit smalare kor. Portalane i stavkyrkja er blant dei mest kjende av dei norske stavkyrkjeportalane. Dei er rikt dekorert med utskorne bladrankar og dyreornamentikk. Ein eldre takryttar står som kyrkjegardsport ved kyrkja. Kyrkja ber i dag preg av store ombyggingar frå 1800-talet.

## BYGNINGSSHISTORIE

Dendrokronologiske undersøkingar viser at vinteren 1178-1179 er hogståret til delar av kyrkjebygget. Dette er og styrka av ei runeskrift som er knytt til Erling jarl, som falt ved slaget på Kalvskinnet i 1179.<sup>1</sup> Kyrkja vart utvida i 1822. Ei utgraving under golvet i 1979/80 viste ei rekke stolpehol etter ei tidligare kyrkje. I 1979 vart også tre av stavane i kyrkja spunsa. Golvborda vart tekne ut og det vart observert store råteskader på nordre grunnstokk.

## TILSTAND FØR STAVKYRKJEPERGRAMMET

Hovudspørsmålet ved Høre stavkyrkje var om fundamenteringa av kyrkja var god nok. Dei to nordre stavane i det opphøgde midtrommet kviler på stein og er ikkje tappa ned i og fest til grunnstokkane. Nordaustre stav i det opphøgde midtrommet hadde særslig understønad fordi spansen frå 1979, som er sett saman av to deler, hadde delt seg då steinen som låg under staven hadde sige ned i grunnen. Staven hadde difor ikkje anna understønad enn ein røten grunnstokk. Det vart



**Jekking:** Heving av stav for utbetring av røteskade. Foto Ellen M. Devold, Riksantikvarens arkiv.

funne røtesopp som etter prøvetaking påviste både tømmersopp og ekte hussopp. Grunnmuren var dårleg lagt fleire stader, særleg på vestre del av søndre mur under skipet og i austre hjørne av kyrkja. Under arbeida i nedre del av bygningen viste det seg at det var fuktskader i veggen på grunn av lekkasje frå pipehol i taket. Mykje av skiferen på taket til kyrkja var skadd. Ein del av takborda hadde røteskader under stader der skiferen var skada av lav og forvitra eller knust. Støpulen og inngangsportalen ved kyrkja hadde behov for utbetring.

## VEDTAKSPROSESS OG TILTAK

### GRUNNSTOKKAR

På grunn av fuktig jord tett opp til treverket har grunnstokkane frå 1179 vore utsett for røteskader. For å hindre vidare utvikling av røtesopp var det viktig å sjå til at det vart god lufting og tørt rundt stokkane. Det moderne tregolvet vart difor mellombels fjerna over dei områda der det var aktuelt å fjerne masse. Høvet vart nytta til å utføre arkeologiske utgravingar under grunnstokkane. Vidare vart det gjennomført eit tiltak for å hindre vidare utvikling av røtesoppen. Ved å varme opp treverket til 60 grader celsius, i

ein periode på tolv timer, drep ein alle sporar i treverket. Dette hindrar derimot ikkje at soppen kan utvikle seg på nytt gjennom sporar frå bakken under kyrkja. Det må difor haldast jamt tilsyn med grunnstokkane for å unngå ei ny utvikling av røteskader i treverket i framtida.<sup>2</sup>

### STAVAR

Nordvestre hjørnestav har stått med treverket heilt ned i jordbakken. Dette har medført røteskade som utan tiltak kunne forverrast. Difor vart 5 centimeter av botnen av staven fjerna for å få avstand til bakken og få friskt virke som kan kvile på steinar i ytterkanten av staven. Nordvestre hjørnestav i det opphøgde midtskipet har ein eldre røteskade der det vart påvist ekte hussopp. Staven vart difor varmebehandla i samarbeid med Mycoteam for å forsikre seg om at hussoppen var daud. For å utbetre situasjonen ved nordaustre midtromsstav vart ein jekk med fire bein montert slik at staven mellombels vart heva 15 millimeter for innlegging av ny steinfundamentering under. Under nordaustre hjørnestav vart eit limtrestykke sett ned i holet i grunnstokken der tappen hadde vore, slik at staven kviler på limtrestykket, som i sin tur kviler på stein.<sup>3</sup>



**Grunnmur:** Omfattande utbetring av fundament og grunnmur under sydsida av kyrkja. Foto: Ellen M. Devold. Riksantikvarens arkiv.

## GRUNNMUR

Ved synfaring av murverket under kyrkja vart det registrert manglande bindestein. Den kraftigaste setninga i muren vart observert omlag 1,5 meter frå sydvestre hjørne i sydmuren. Setningane var ikkje i seg sjølv kritiske, men dei skapte ueheldige forutsetingar for avrenning frå muren og overføring mellom trekonstruksjon og mur. Utover dette låg og svillen for langt inne på murkrona og samla opp vatn som kunne leiaast vidare inn til treverk og inn bak murverk. Grunnmuren under sydveggen vart difor plukka ned slik at fundamenteringa av grunnen kunne utberast før muren kunne

murast på nytt oppunder sydveggen.<sup>4</sup>

## TAK

Under stavkyrkjeprogrammet vart det utført eit grundig arbeid på skifertaket av lappstein. Taket var prega av kraftig mosevekst, noko som fører med seg slitasje på takoverflata og leier til nedbryting av stein og lekkasje. Det vart difor gjennomført ei kraftig vask av store delar av takflatene for å få fjerna mosen. Taket vart nøye ettersett og der det var skader i taket vart skifer bytt ut og utbetra i tillegg til eventuelle reparasjonar av underliggende konstruksjon. På grunn av røteskade og hakkespetthol vart det

gjennomført ei utbetring av takbord, framkantbord og vindskier der dette var naudsynt. Dei største skadane av denne typen var hovudsakleg på takflater mot sør, der det og vart montert nye takrenner med nedløp, samt forkantbeslag.<sup>5</sup>

## STØPULEN

Støpulen står nordvest for kyrkja. Den lafta støpulen vart bygd på 1600-talet. Støpulen er tidlegare restaurert, og i denne er attbrukte material i golvbjelkane mellom fyrste og andre etasje. Etter diskusjonar rundt røteskader i dei to øvste stokkane mot sør, vart arbeid med utskifting av veggstokkar i støpulen utført i 2005. Orsaka til<sup>6</sup>



**Spunsing:** Stokk i støpulen. Foto: Riksantikvarens arkiv.



**Portal:** Reparasjon av taket på inngangsportalen som har fått ny svill etter røte og stokkmaurangrep. Foto: Ananke Sajdak, Riksantikvarens arkiv.

skaden var ein lekkasje frå taket og sjølv om skaden var gammal, medførte dei ei svekking av konstruksjonen. Den øvste stokken vart bytt i si heilhet, medan stokken under vart spunsa. Eit lite tak er bygd på austveggen til støpulen for å beskytte røteskadde sprukne stokkar i tømmerveggen. Dei gamle røteskadane i aust er beskytta av taket, og utbetring var difor ikkje naudsynt.<sup>6</sup>

## INNGANGSPORTALEN

Inngangsportalen til kyrkjegården består av delar av ein takryttar frå mellomalderen som er attbrukt i portane. Desse står svert utsett, samt at svillane har delvis ligge i bakken, noko som har leidd til røte og stokkmaurangrep i svillane. Som eit resultat av dette hadde portalen byrja å sige på vestsida og vorte skeiv. Portalen vart difor heva 10 centimeter frå bakken samt flytta 5-10 centimeter mot vest slik at den

står betre på muren under svillane. Svillen på vestsida vart bytt ut i si heilheit, medan den røteskadde svillen på austsida vart spunsa.<sup>7</sup>

## KYRKJEKUNSTEN

Kyrkjekunsten i kyrkja vart tilstandsregisterert og funne i god stand.

## ANDRE TILTAK

Det vart etablert målepunkt for å fylgje skeivheiter i kyrkjebygget.

## SAMANDRAG

Høre stavkyrkje daterast til omkring 1180. Stavkyrkja er ei midtromskyrkje med rektangulært skip og eit smalare kor. Portalane i stavkyrkja er blant dei mest kjende av dei norske stavkyrkjeportalane. Dei er rikt dekorert med utskorne bladrankar og dyreornamentikk. Ein eldre takryttar står som

kyrkjegardsport ved kyrkja. Kyrkja ber i dag preg av store ombyggingar frå 1800-talet. I Høre vart store delar av den sydlege grunnmuren, utført som tørrmur, lagt om. Under kyrkjegolvet vart det konstatert hussopp i berande konstruksjonar, og denne vart sanert. Skifertaka vart reinsa og skadd Stein vart skift. Det vart montert nye takrenner på kyrkja og den lafta støpulen frå 1600-talet vart sett i stand. Skadane som vart påvist på støpulen i aust er beskytta av taket, så ei utbetring var difor ikkje naudsynt. Arbeida ved kyrkja vart utført i perioden 2005-2007. Kyrkjekunsten vart tilstandsregisterert og funne i god stand.

## LITTERATUR OG KJELDER

### LITTERATUR

Anker, Leif. *De norske stavkirkene.* Oslo, AFRO 2005.

### RAPPORTAR

Devold, Ellen. *Høre stavkirke – istandsetting 2005-2006*, 2006.

Devold, Ellen. *Befaringsrapport Høre stavkirke i Vang kommune 12.-13. Desember 2001*, 2002

Devold, Ellen. *Befaring Høre stavkirke 4. november 2003 – Stavkirkeprogrammet 29.12.03, 2003*

Devold, Ellen. *Høre stavkirke 6. april 2005 – Stavkirkeprogrammet 6. og 14. april 2005*

Devold, Ellen. *Høre stavkirke 12. april 2005 Foto profil loft*, 2005

Devold, Ellen. *Høre stavkirke Stavkirkeprogrammet 22. juni 2005 22.06.05, 2005*

Devold, Ellen. *Høre stavkirke istandsetting 2006 Stavkirkeprogrammet 22.02.06, 2006*

Devold, Ellen. *Høre stavkirke takrenner 10.05.06, 2006*

Devold, Ellen. *Høre stavkirke bilder, 2006*

Devold, Ellen. *Referat fra møte om Høre stavkirke 22. mai 2006 22.05.06 og Devold og telefon Marumsrud 22.05.06, 2006*

Devold, Ellen. *Befaring Høre stavkirke 17. august 2006 18.08.06, 06.09.06, 2006*

Devold, Ellen. *Befaringsrapport 24.09.02, 2006.*

Devold, Ellen. *Befaringsnotat Høre stavkirke Vang kommune i Valdres, Oppland befaring utført 16/3-2006, 2006.*

Devold, Ellen. *Befaringsnotat Høre stavkirke, Vang i Valdres, Oppland befaring gjennomført 7. juli 2006 Demontering av sydmuren under skip, identifisering av byggegrunn, valg av løsning for fundamentering, 2006.*

Devold, Ellen. *Notat: Høre stavkirke Tema: Fundamentering av sydvendt mur under skip 3. august 2006, 2006.*

Karlberg, Inger. *Rapport Arkeologisk undersøkelse Høre stavkirke Vang i Valdres Oppland fylke Restaurering av grunnmur under kirken. Refundamentering under og inntil sørøstre del av korets grunnmur. 20.09.06, 2006.*

Marthinsen, Espen. *Befaringsnotat Høre stavkirke, gjennomført 7. juli 2006 demontering av sydmuren under skip identifisering av byggegrunn valg av løsning for fundamentering, 2006.*

Marumsrud, Hans. *Arbeidsrapport for utskifting av veggstokker i støpul ved Høre stavkirke. 26.10.2005, 2005.*

Marumsrud, Hans. *Oppjekking og bytting/spunsing av botnsviller i inngangsportalen ved Høre stavkirke. 27.10.05, 2005.*

Marumsrud, Hans. *Høgder på staver inne i Høre stavkirke. 17.09.06, 2006.*

Marumsrud, Hans. *Arbeidsrapport for Høre stavkirke. Staver og grunnstokker. September 2006, 2006.*

Marumsrud, Hans. *Rapport om skjevheter i kirka 2006 sammen med Øyvind Johansen, 2006.*

Molaug, Petter, Under grunnstokkene i Høre stavkirke, Vang i Valdres. Arkeologisk undersøkelse ved fjerning av masser under Høre stavkirkes råteskadede grunnstokker, Vang kommune, Oppland fylke juni og august 2006 for Riksantikvarens stavkirkeprosjekt, 2006.

Terje Tvene, *Arbeidsrapporter på skifertak Høre stavkirke Rapporten omhandler også støpul og port. 20.03.07, 2007.*

**Alle rapportar er tilgjengelege hjå arkivet til Riksantikvaren.**

## FOTNOTAR

---

<sup>1</sup> T. Thun, Saksnr. 2000/1097-3 RA.

Arkivkode A-149.

<sup>2</sup> Marumsrud, Hans.

*Arbeidsrapport for Høre stavkirke.  
Staver og grunnstokker. September  
2006*, 2006.

<sup>3</sup> Marumsrud, Hans.

*Arbeidsrapport for Høre stavkirke.  
Staver og grunnstokker. September  
2006*, 2006.

<sup>4</sup> Devold, Ellen. *Befaringsnotat  
Høre stavkirke, Vang i Valdres,  
Oppland befaring gjennomført 7.  
juli 2006 Demontering av  
sydmuren under skip, identifisering  
av byggegrunn, valg av løsning for  
fundamentering*, 2006.

<sup>5</sup> Terje Tvenge, *Arbeidsrapporter  
på skifertak Høre stavkirke  
Rapporten omhandler også støpul og  
port*. 20.03.07, 2007.

<sup>6</sup> Terje Tvenge, *Arbeidsrapporter  
på skifertak Høre stavkirke  
Rapporten omhandler også støpul og  
port*. 20.03.07, 2007.

<sup>7</sup> Marumsrud, Hans. *Oppjekking  
og bytting/spunsing av botnsviller i  
inngangsportal ved Høre stavkirke.  
27.10.05*, 2005.

